



Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Etne, 12.11.2015

**Dykkar ref.: Vår ref.:**

Arkivsaknr:15/3471  
Journalpostnr:15/13114

**Arkiv:**

N - 561.1

**Sakshandsamar:**

OIV

**REGIONAL TRANSPORTPLAN 2018-2029 FOR HORDALAND - Uttale til Planprogrammet frå Etne kommune**

Etter ein gjennomgang av framlegg til planprogram for Regional Transportplan for Hordaland 2018 – 2029, registrerer ein at Fylkesveg 48 mellom Håland (på E134 i Stordalen) og Skånevik ferjekai (der ferje til Utåker/Matre i Kvinnherad går) er definert i gruppa «Øvrig fylkesveg». Dette meiner vi må **vrderast på nytt** i Planprogrammet.

Etter vår meining bør denne vegen flyttast til **overordna** fylkesveg fordi denne er svært viktig for eit midtre alternativ som knyter saman indre Sunnhordland og Kvinnherad. Det er sett i gang planarbeid for strekningsvis opprusting av denne vegstrekka, men det manglar finansiering av tiltak pr. dato.

Vi minner også om teksten i Plan- og byggeprogram for fylkesvegane i Hordaland – vedtatt 9.desember 2014 av fylkestinget – der det framgår følgjande:

**«Fv. 48 Håland – Skånevik, Etne**

*Det pågår eit arbeide for å vidareutvikle planar for utbetring av eksisterande veg. Ein ser på kurveutbetringar og breddeutviding. I løpet av 2014 vil ein ha klar planar for etappevis utbetring. Føremålet er å kome fram til ei prioritering av etappevis utbetring av strekninga Skånevik – Håland. Seint i 2015 reknar ein starte opp med ei geologisk undersøking på dei strekningane med høgst prioritet, før ein eventuelt går vidare med nødvendig regulering»*

Ut over dette har vi ikkje merknader til sjølve Planprogrammet.

Med helsing

Siri Klokkestuen  
Ordfører

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Etne Formannskap til orientering

